

Harald Nortun

Skallen

To kameratar drar på hemmeleg fisketur til eit vatn som ligg avsides til. Ettersom det er få andre som veit om dette vatnet, reknar dei med å få masse fisk. Men fisken bit ikkje. Og det er ikkje dekning på mobilen. Om natta kjem det likevel inn meldingar frå ein som kallar seg Skallen. Det blir fort klart at han observerer gutane, og at han ikkje har godt i sinne.

Skallen, som er den åttande boka i Grøss og gru-serien frå Samlaget, er ei forteljing som kan få det til å gå kaldt nedetter ryggen på både unge og vaksne. Uhygga ligg mellom linene frå starten, og er til å ta og føle på når dei to kameratane blir lokka ut av teltet midt på natta. Harald Nortun er ein dreven forfattar, og han er ikkje redd for å servere nokon riktig ekle scener. Etter å ha lese denne boka er det nok mange ungdommar som kjem til å skvette til straks det plingar i mobilen. Men **Skallen** handlar også om eit vennskap som blir sett på prøve, og det å leve eit liv vaksne ikkje har den fjernaste aning om.

Spenninga og drivet i denne romanen burde vere nok til å få sjølv den minst leseglade ungdom til å fullføre heile boka. **Harald Nortun** har gitt den eit stramt og røft språk som treffer ungdom godt. Eit pluss er også dei sanselege skildringane, som nådelaust dreg lesaren med inn i det som hender. Ein får kjenne på forvirringa gutane kjenner når dei uforklarlege meldingane begynner å komme inn. Ein får kjenne dei kalde, ruglete steinane idet gutane flyktar inn i ei mørk hole, lukte frykta deira og høyre den gufne lyden av eit ukjent vesen som nærmar seg.

Harald Nortun debuterte i 2006 med ungdomsromanen Røverskogen, og har sidan skrive fleire kritikarroste bøker for ungdom. Blant dei er romanen Eksperimentet, som er omsett til fire språk, og Spådama i 7B, som han fekk Nynorsk Litteraturpris for i 2021. Ei barnebok har det også blitt, Blå flaggermus frå 2019 blei nominert til Brageprisen. I **Skallen** viser **Harald Nortun** at han også til fulle meistrar grøssarsjangeren.

Harald Nortun tildes Ordknappen 2022 for ungdomsromanen Skallen.



Leser søker bok